

Årsrapport hjort – Tysnes kommune 2024:

Overordna forvaltningsmål


Kommunen har fastsett forvaltningsmål for hjortebestanden i kommunen i [Hjorteviltstrategi Tysnes kommune - 2023 - 2033](#) :

Dei overordna forvaltningsmåla som er fastsett der er :

- Hjortepopulasjonen skal reduserast med 30 – 40 % med lokale tilpassingar.
- Forbetre kjønnsfordelinga med meir vaksne hanndyr i høve hodyr – Sett kolle per bukk - 1,5
- Auke gjennomsnittlege slaktevekte for dei ulike årsklassane

Avskyting og bestandsutvikling 2010 – 2024:

Tildelte og felte hjort i perioden




Figur 1 viser tildelte fellingsløyve og tal felte hjort på venstre akse og fellingsprosent på høgere.

Forvaltningsstrategien har mål om ei reduksjonsavskyting med auka uttak frå 2023 og dei fyrste 3-5 åra. Avskytinga er auka frå 733 felte hjort i 2022 til 778 i 2023 og 823 i 2024 og er såleis i samsvar med målsetjinga. Det er likevel usikkert på om auken er tilstrekkeleg til å oppnå ein bestandsreduksjonen som ynskja.




Andel kalv og ungdyr i jaktuttaket



Figur 2 viser kor stor del kalv og ungdyr har utgjort i % av det samla jaktuttaket.

Kalv har lenge utgjort ein stor del av jaktuttaket og har for 2023 – 2024 utgjort 34,6 % av det totale jaktuttaket som er godt innanfor i høve målet om at kalv skal utgjere minst 30 %. For fjorkolle så har ein mål om at det skal utgjere 18 – 20 % og det har utgjort 15,9 % som og er i samsvar med målet. Spissbukk skal i fylgje avskytingsmålet utgjere under 15 % og det har utgjort 15,5 % dei 2 siste åra.

Eldre dyr i jaktuttaket




Figur 3 viser andelen eldre dyr i jaktuttaket i % av samla jaktuttak.

For eldre dyr så har avskytingsplanen i forvaltningsstrategien mål om at eldre hodyr skal utgjere over 25 % og eldre hanndyr mindre enn 12 % av det totale jaktuttaket. Delen eldre hodyr har auka litt dei 2 siste åra og har utgjort 20,7 % som er eit stykke frå målet om minst 25 %. Eldre hanndyr har utgjort 12,8 % som er nær målet på maksimalt 12 %.



Kjønnsfordeling i samla jaktuttak




Figur 4 viser fordeling av jaktuttaket på kjønn for alle årsklassar samla.

Måla for planperioden har vore at ein skal ha ei overvekt av hodyr noko ein her har hatt ein del år. I sum for dei 2 siste åra har hanndyr utgjort 46,7 % og hodyr 53,3 % av det totale jaktuttaket. Avskytinga har såleis vore i samsvar med målsetjinga og positiv i høve å betre kjønnsbalansen i hjortebestanden.

Data frå Sett hjort registreringar:


Sett hjort per jegerdag:



Figur 5 viser Sett hjort pr jegerdag i utmark på venstre akse og tal felte hjort på høgre.

Indeksen er aukande til 2018 og deretter minkande. Dette kan tyde at det har vore vekst i bestanden til 2018 og deretter har den hatt ein mindre reduksjon. Avskytinga auka monaleg i perioden frå 532 i 2015 til ein topp med 801 felte hjort i 2021.






Figur 6 syner ideksen for Sett hjort per jegerdag for perioden 2019 - 2024


Om ein ser på indeksen frå 2019 så er trenden rimeleg stabil og tilseier ikkje nokon vidare bestandsreduksjon etter reduksjonen ein har hatt. Fellingstalet gjekk ein del ned i 2022 men har auka igjen siste åra. Ein vil difor tru at likevel tru at den aukande avskytinga ein har hatt frå 2022 har bidrege til at ein vil få ein vidare reduksjon om ein klarar å oppretthalde fellingstala på nivå med siste år.

Sett kolle per bukk:



Figur 7: viser indeksen for Sett kolle pr bukk


Trenden for indeksen er minkande noko som tilseier at det vert fleire bukkar i høve koller i bestanden. Dette samsvarar godt med avskytinga ein har hatt dei siste åra med ei overvekt av hodyr i jaktuttaket (Figur 4). Indeksen er likevel framleis høg og ligg enno eit godt stykke frå målet om 1,5.



Figur 8: syner gjennomsnittlige slaktevekter for kalvar registrert i Tynesnes kommune.

Som utviklinga av slaktevektene for kalvar syner så er dei framleis minkande. Å snu denne trenden slik ein har mål om vil ta noko tid og kan ikkje forventast å klare i løpet av nokre få år.

Oppsummering – status for bestandsutviklinga



Figur 9 syner kor mange dyr av ulike kategoriar som årleg er felt i perioden på venstre akse og tal felte hjort totalt på høgre akse.

Som figur 9 syner så er hovudtyngda av auken i uttaket ein har hatt dei seinare åra gjort ved å ta ut fleire kalvar. Det er ein liten auke av talet koller i uttaket siste åra men for dei andre gruppene er tala rimeleg stabile. Fordelinga av avskytinga har såleis vore positivt i høve måla om auke gjennomsnittsalderen og å betre kjønnsfordelinga.



Utviklinga av indeksen for Sett kolle per bukk (Figur 7) går rett veg men er framleis eit stykke frå målet om 1,5.

For å snu den negative trenden i utviklinga av slaktevektene treng ein noko tid. Å redusere bestanden, auke gjennomsnittsalderen og betre kjønnsbalansen slik ein har mål om og er på veg mot er dei beste tiltaka for å klare dette.

I høve bestandsstorleiken så har ein lenge hatt god vekst og fellingstala var aukande til 2021. Sett hjort tyder på ein bestandstopp i 2018 (Figur 5) og at aukande fellingstal i åra etter medførte ein mindre bestandsreduksjon. Fellingstalet vart redusert frå 2021 til 2022 og det er ikkje teikn til vidare reduksjon etter dette. Frå 2022 har fellingstala igjen vore aukande og om ein klarar å oppretthalde fellingstal på nivå med siste år vil ein oppnå ein vidare reduksjon av bestanden. Her er truleg lokale variasjonar som desse tala ikkje fangar opp men det synest likevel eit stykke fram til ein bestandsreduksjon på 30 – 40 % som måla i forvaltningsstrategien seier.

Magnus Frøyen
Norsk hjortesenter

